



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	14.12.2017
Tid:	13:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Frits Inge Godø	NESTL	V
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP
Adrian Sørлие	MEDL	H
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsesekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.



Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Inger Lise Trønningdal

Adrian Sørлие

Nora Helene Dyrseth Blø

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/74	Referatsaker	
PS 17/75	Antonbua - vidare prosess	2017/657
PS 17/76	Forskottering av spelemidlar – rehabilitering av Skeidvoll	2017/654

Det vart halde møte i Midsund formannskap den 14.12.2017 på Midsund omsorgssenter. Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad. Møtet tok til kl 13.00.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent etter at ny sak PS 17/76 vart lagt til.

Born frå Gjerdet barnehage song julesangar.

PS 17/70 frå førre møte om avvikling av politiske utval – vart vedtatt sendt til kommunestyret (PS 17/92) utan innstilling.

Orientering i ei nærings sak:

Møtet vart lukka med heimel i kommunel § 31 nr 2, jf forv.l § 13, 1. ledd nr. 2. Møtet var lukka i 10 minutt.

PS 17/74 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 14.12.2017

Protokoll frå møtet 27.11.2017 vert godkjent.

PS 17/75 Antonbua - vidare prosess

Forslag til vedtak:

1. Antonbua vert ikkje heva.
2. Arkitektfirmaet BBW AS får i oppdrag å utarbeide eit skisseprosjekt med to alternativ:
 - A) Der ein ser kva mulegheiter som ligg i å innreie og ta i bruk 2. og 3.etg i Antonbua. Næringsaktørane byggjer eit næringsbygg alt etter kor stort behovet er, utforma i tråd med vinnarforslaget.
 - B) « Kappa » på Antonbua vert sett i stand utan at Antonbua vert innreidd og tatt i bruk no. Bygg som skal huse offentlege kontor anten frittstående/åleine eller saman med eit næringsbygg, utforma i tråd med vinnarforslaget.

Behandling i Formannskapet - 14.12.2017

Det vart lagt fram alternativt forslag frå H og AP: *Stryk punkt A i forslag til vedtak.*

Ved votering vart alternativt forslag vedteke med 3 mot 2 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 14.12.2017

1. Antonbua vert ikkje heva.
2. Arkitektfirmaet BBW AS får i oppdrag å utarbeide eit skisseprosjekt:

« Kappa » på Antonbua vert sett i stand utan at Antonbua vert innreidd og tatt i bruk no. Bygg som skal huse offentlege kontor anten frittstående/åleine eller saman med eit næringsbygg, utforma i tråd med vinnarforslaget.

PS 17/76 Forskottering av spelemidlar - rehabilitering av Skeidvoll

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Midsund idrettslag eit lån på kr 1.000.000 til forskotering av spelemidlane til rehabilitering av Skeidvoll. Lånet vert tilbakebetalt når spelemidlane kjem til utbetaling. Midsund idrettslag dekkjer renter på lånet tilsvarande kommunen si rente i Kommunalbanken.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 14.12.2017

Midsund kommune gir Midsund idrettslag eit lån på kr 1.000.000 til forskotering av spelemidlane til rehabilitering av Skeidvoll. Lånet vert tilbakebetalt når spelemidlane kjem til utbetaling. Midsund idrettslag dekkjer renter på lånet tilsvarande kommunen si rente i Kommunalbanken.

Møtet vart heva kl 14.30.